



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato: 02.11.2022  
Vår ref: 2022/13517  
  
Dykkar dato: Dykkar ref:  
2022/4760

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 106/100 - Fanebust - tilbygg og påbygg til fritidsbustad - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.10.2022. Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg og heving av tak på eksisterande fritidsbustad på gnr. 106 bnr. 100. Tilbygget har ein storleik på 16 m<sup>2</sup> og skal plasserast mot vest. I tillegg skal taket hevast slik at høgda frå golv til overkant vindauge/dører vert 2,1 meter og innvendig himlingshøgd vert 2,4 meter. Takvinkelen vert endra frå 27 til 32 grader. Mønehøgda vert endra frå 8,04 meter til 8,67 meter. Minste avstand frå sjø er uendra som følgje av tiltaket.



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispesert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. tbl. § 1-8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast



open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik fra dette forbodet skal som hovedregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

Kommunen skal legge Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona lags sjø til grunn ved handsaming av dispensasjoner. I retningslinjene står det mellom anna at: «*Landskapet langs kysten er viktig som grunnlag for opplevelser og kilde til identitet og livskvalitet for innbyggerne. Ved planlegging må det tas hensyn til å bevare landskapskvaliteter og å tilpasse det bygde miljø til omgivelsene.*» Det står også: «*Det bør legges stor vekt på å opprettholde og forbedre tilgjengeligheten til strandsonen fra landsiden og sjøsiden samt mulighetene for å ferdes og å oppholde seg langs sjøen. Disse hensynene skal vektlegges sterkt når kommunen vurderer å godkjenne videre utvikling av eksisterende bolig- og fritidseiendommer.*»

Eksisterande fritidsbustad ligg få meter frå sjøen. Det ligg ein del naust i nærleiken. Elles ligg andre bustader/fritidsbustader lengre frå sjøen i dette området. Det er bra at tiltaket ikkje kjem nærmare sjøen enn i dag. Vi meiner likevel at sjølv mindre tiltak på tomta raskt vil kunne påverke strandsoneverdiane i området. Vi tenker særleg på auka privatisering og påverknad av landskap sett ifrå sjø. Vi ber kommunen vurdere og legge vekt på dette i vidare sakshandsaming.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN